



**REFERAT FRÅ ÅRSMØTEHELG
HAGESELSKAPET SOGN OG FJORDANE
GLOPPEN HOTELL 15.-16. APRIL 2023**

Laurdag:

Turid ynskte velkommen og informerte litt til dei 34 stk som var møtt opp til lunsj laurdag på Gloppen Hotell. Ein spent gjeng. Vi fekk servert ei god suppe av potet og purre. Vi hadde også fått med to stk frå Vik, nystarta lag i 2022, slik at dei kunne bli kjend med oss andre i «fylket».

Inne i salen var det komme mange som ville få med seg foredraga med Tommy Tønsberg. Han har vore her tidligare og er godt kjend i distriktet.

Vi selde lodd og tok inngangsbillettar. Kr 150,- for medl. og kr 200,- for ikkje medl. Tommy hadde også teke med seg litt materiell, bl.a. bøker, planter og frø. Det blei kikka litt rundt, Tommy fekk prata med nokre av «gjestene».

Litt forsenka kom vi i gang ca. kl 1310. Ingvild H. Bolstad frå Gloppen leia denne delen.

Det første foredraget til Tommy var ein invitasjon inn i hagen deira på Holter. Han hadde mange bileter der det kom fram korleis dei hadde lagt opp sin hage. Mange spennande idear var det for dei som var ute etter det. Blanding av fargar og områder der det var ein farge.

Pause kl 1410-1440. Her var det ein ny muligheit for dei som ikkje hadde fått kjøpt lodd. Mange fekk strekt på beina og kikka litt på Tommy sine produkt, samt utveksla litt idear og tankar med andre hageentusiastar.

Neste foredrag med Tommy var om stauder. Her var det også mange flotte bileter. mange spennande idear og vi fekk lyst på mange nye planter.

Det var eit entusiastisk publikum, dei spurte og «grov» når det var noko dei lurte på, om det var slik eller slik. Det likar vi.

Vi hadde 43 gjester, dvs. 22 ikkje medlemmer og 21 medlemmer som kom for å få med seg Tommy Tønsberg sine foredrag. Det var nokon som gjekk etter 1. foredrag og vi håpar det var den delen dei var ute etter.

Vi trekte 2 gevinstar på inngangsbilletten til «gjestene» våre.

Vi hadde 61 gevinstar som blei trekte, mange fine og varierende planter bl.a. Vi selde 730 lodd, det var kjempeflott. Det var nok noko som hadde meir lodd enn andre eller meir flaks. Vi seier ikkje meir 😊



Då var det tid for ein liten kaffitår for våre deltakarar. Vi fekk servert natronkaker med syltetøy eller ost. Det var populært.

Neste post var besøk ut på Gardsbrenneriet.

Her fekk vi ei orientering om kva dei dyrkar, vi var ute på «åkeren» og kikka litt.

Vi fekk også ein omvising inne i lokala deira. Her er det litt liten plass, så dei har fått tilgang på ledig rom oppe på Dammen. Dei er inne i ein ombyggingsprosess for tida.

Dei utnyttar ledig kapasitet og produserar bl.a. ein drikk til ei gruppe no.

Unike smakar av naturlege råvarer

Sivilingeniørane Synnøve og Jann tok over odelen på garden i 2010 for å satse på produksjon av drikkevarer basert på råvarer frå landbruket. Det var naturleg å lansere brennevin og likørar basert på frukt og bær som ei første satsing. I åra etter er produktporteføljen stadig utvida og inneheld no eit vidt spenn av ulike alkoholfrie og alkoholhaldige drikkevarer der dei gode råvarene står i fokus. Vi brukar norske råvarer som eple, plommer, bringebær, rabarbra, solbær, rips, jordbær og morellar. Noko av råvarene dyrkar vi sjølv. Garden har også lange tradisjonar for grønsaksdyrking og dyrkar enkelte av urtene som inngår i gin- og akevittprodukta sjølv. Mykje av frukta, bæra og urtene som vert nytta i produkta blir også levert frå lokale produsentar i regionen eller hausta inn frå den frodige vestlandsnaturen.

Teknologi og innovasjon

Heile prosessen frå behandling av råvarer til tapping av ferdig produkt skjer på garden. Gardsbrenneriet har utvikla eigne metodar, prosessar og smakar. Vi har mellom anna utvikla vår eigen prosess for småskala omdanning av myse til brennevin. I 2019 lanserte vi Norges første gin basert på mysebrennevin som ein hyllest til Dagros og norsk landbruk. I det ferskaste og så langt villaste prosjektet til Gardsbrenneriet blir det no dyrka sukkerbetar på garden som skal vidareforedlast til velsmakande alkoholhaldig drikke i løpet av året. Fellesnemnaren for alle produkta til Gardsbrenneriet er fokuset på vidareforedling av norske landbruksprodukt av høg kvalitet til nydeleg drikke.

Besøksgard

Gardsbrenneriet har eigen gardsbutikk. Der får ein kjøpt Gardsbrenneriet sin fruktmost, gløgg, sukkerøl, brus, alkoholfri sider, sider og hard seltzer.

For øyeblikket var det ikkje tillatt med sal, pga av ombygginga deira. Dei håpar at butikken skal vera klar igjen utpå hausten.

Vel innatt på hotellet var det godt det var litt varmt, vi fekk litt kulde i oss. Det var ein kjekk stad å besøkje og sidan det ikkje var mulighet til smaksprøvar der ute, var det rett i baren for å testa noko av produkta til Gardsbrenneriet. Her var det mange positive tilbakemeldingar.

No var det tid for litt avslapning før vi fekk servert ein god middag.

Vi fekk først eit lite kulturinnslag. Veronika Kvandal Gjelsten kom, ho sang to flotte sangar til oss. Ho lurte på kva ho skulle finne på til ein slik gjeng, ho fann i alle fall noko som fall i smak.

No var vi lysten på mat, det blei ein forrett, suppe, middag med ein indrefile og så sjokoladefondant med is til dessert. Vi var godt fornøgd, så gode og mette var det tid for litt sosialt ute i stovene til hotellet. Søget gjekk godt blant alle, det tyder bra.



Søndag

Søndag starta med ein god frukost før årsmøtet.

Etter årsmøtet var det tid for «Hagelagets time».

Dette er ein «time» der det skal drøftast div tema og ynskjer for kommande året samt koma med ris og ros for alle. Her var det Lisbeth og Helen som tok styringa.

Aksjonsveke, det er veke 23, 5. – 11. juni. Helen og Nina skal sjekka opp korleis det er med verving den veka, er det kr 100 tilbake til lokallag den veka?

Helen informerte litt om Hage-praten. Den er tilgjengeleg for alle laga å bruke gratis.

Vi informerte litt om Kjersti Bergesen, som kjem opp her, til Skei laurdag 29, april. Det blir to foredrag. Ta uterommet på alvor. Min eigen pottehage.

Det blei litt kritikk for at ikkje info hadde komme ut om dette, noko som vi berre må beklage, vi kunne ha sjekka litt på facebook sida for kommentarar. Vi måtte ta ei avgjersle om dette, då ho var svært oppteken, og den datoen kunne fall ut også. Slik blei det berre denne gangen. Dette er ei langhelg, så nokon er kanskje på reise.

Hornindal lurte på korleis det er med andre lag, får de litt støtte til «aktiviteten» dykkar. Dei hadde mykje dugnad i sentrum, men fekk ikkje noko til kjøp av bl.a. blomster til å pynte opp med, noko som det ser ut som dei får i Volda.

Her er det litt varierende rundt omkring.

Audun Mundal kom med eit godt tips, send inn eit brev/innlegg til kommunen. Det må gjerast før kommunane byrja med budsjetta sine, dvs det bør inn i postlista til kommunen før august, då det blir byrja å jobba med budsjetta for neste år.

Vi hadde utfordra **Gloppen og Florø** på litt tankar om kva som gjorde at dei fekk til positive holdningar i laga.

Gloppen: Det er kjekt å vera med, entusiasme, spreie info i forskjellige kanalar, instagram og facebook, lage kalender, fin møteplass for hageinteresse, fokus på tema for å få yngre med, frå jord til bord, samarbeid med biblioteket.

Florø: Dei har det kjekt i lag, er som ein «liten» famelie, kosar seg, alle bestemmer, alle har ynskjer kva dei vil ha, fordele oppgåvene, såing og liknande. blei kjempebra, dei gjekk inn for å leggja lista på skretsj. Dyrking og stiklingar. Dei promoterar at det er hageselskapet dei melder seg inn i, og får blad med inspirasjon, ikkje berre dugnad, alle velkomne, alle blir sett, godt humør smittar. Temakveldar dei er uformelle, brukar alle i styret med idear bl.a. kva/korleis gjer ein annan dette. For eks korleis går det med dine tomatar kan vera ein kommentar etter eit møte med såing.

Hornindal har møter bl.a. før jul og påske med aktivitetar, lagar jule- og påskepynt. Sosialt er viktig, men ein ny ide kom fram, samla inn ei gamal rot eller liknande og laga til ein dekorasjon til jul, sette inn litt varierende på den greina/rota, det blei fint til jul og stod lenge etterpå. (I staden for bl.a. ein krans, som kostar ein del.)

Førde har fått avtalar med andre aktørar bl.a. biblioteket. Festplassen kan dei bruke som dei vil og skal prøve å finna på noko lurt. Dei har planta framfor Førdehuset



skulle ta over. Det er snakk om eit evt. Frøbibliotek, det var ikkje klare reglar for dette, så vil etterlyse det. Gloppen har grei avtale med biblioteket der. Sogndal har også ein avtale.

Lån – så – haust – lever tilbake.

Aktuelle turnear .

Vi har kontakt med Silje – Rom i hagen, Gimle planteskule.

Espen Skraphagen. Anja Bruland vår. Halvor Bakke/ Ingunn Anvik i Stavern i Vestfold og Telemark fylke. Dei har ein hage som er verdt eit besøk.

Vi bør prøve å få til eit årshjul i forkant av program i laga rundt omkring.

Maria Berg Hestad er ynskja, men bør sjekka kva ho tek i honorar. Haust

Gloppen vil ha Røyneberg tilbake til våren.

Turne, korleis er det. Fylket betalar for reise. Lokallaga betalar husrom/overnattinga samt foredragsholdar sin pris.

Viktig å spreie info om kva vi jobbar med, bl.a. kven vi vil og ynskjer skal koma. Dele info.

Laga skal sende inn liste på kven dei vil ha, vi må laga til opplegg på «billige» foredrag også, ikkje alle som har like god økonomi og kan ta imot ein foredragsholdar til ein kvar pris. Vi har lokale foredragsholdarar også.

Gloppen sender to til Oslo i oktober, fylkesstyret sender ein, kan det vera eit ynskje å ha ein samtale/møte på Hage-praten i etterkant for å diskutere litt om nye namn og tips frå samlinga i Oslo? Det er haustsamling/inspirasjonshelg. Kanskje det kan avtalast og ha ein Teamsmøte to ganger i året, med ein/to frå kvart lag.?

Bra med kommentarar/spørsmål frå alle i denne avdelinga. Info kan det ikkje bli for mykje av, det gjeld begge vegar, både ut til laga og inn til fylket.

Takk.

Vi takka av og fekk tid til ein luftetur opp på plassen til Firda vgs. Dei har fått til mykje på skuleplassen, men det er pga at nokon engasjerar seg.

Lunsjen var så siste post på programmet. Det var sosekjøtt med salat og potetstappe. Så fekk vi ein dessert med marengs, blåbær tørka og krem.

Vi kunne avslutta helga godt og var velfornøgd med opplegget til Gloppen, så stor takk til dei. Maten på hotellet var svært god, så totalt sett ei vellykka helg.

Vel heim og vel møtt ved neste korsveg.

Avslutta ca kl. 1415.

Turid Bøyum